



Mannsvatnet v ert regulert opp berre ein meter

Forvaltningskomiteen har gått inn for dispensasjon frå formålet LNF i gjeldande kommunedelplan i sin behandling av det nye Tverrelva Kraftverk. Byggjinga startar truleg like over nyttår og det heiter i saksutgreiinga at byggjetiltaka i seg sjølv vil ha liten påverknad på landskapet og friluftssinteressene i området. med nedgraven røyrgate og bruk av eksisterande traktorveg, Men redusert vassføring i elva og mogleg straumforsyning i luftlinje vil truleg gje noko redusert for friluftslivet. Det er imidlertid sikra minstevassføring i elva.

Det er ei kjend utfordring med støy frå kraftanlegg og det er ein føresetnad at utbyggjarane, som sjølv er næraste naboar, vil ta omsyn til dette ved utforminga av anlegget. Søknaden er nabovarsla og det har ikkje kome merknadar.

Det har heller ikkje registrert viktige naturtypar eller biologisk mangfald i området.

Imidlertid ligg det 5 SEFRAK-registreringar langs Tverrelva. Det er restar etter gamle kvernhus. Det nye anlegget vil ikkje ha stor påverknad på kulturminne.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen